

Ranglerockar av den gamle skulen



PÅ SØRSIDA: – Dette er plassen. skal du ha ly for vinden her på Jæren, så må du i «hagjen sørføre huset». Pianoet er av merket Wurlitzer, og er 40 år gammalt.

– Me er gamle, men gode, seier Torstein Obrestad. Saman med Gunnar Tønnesen og ein gjeng svenskar opnar han laurdagens ranglekveld.

RUNAR SANDSMARK | tekst og foto
rs@jbl.no

– Dette er jo neste generasjon sin festival, men Vind i Gardhol og Jærrock er jo kjende blant ein del 30-åringar òg. Det er valdsamt kjekt å bli spurt, nesten ei ære, for vi er jo litt oppi åra. Men vi er jo gode for det! Ranglerock har jo blitt ein etablert festival, og publikummet har allsidig musikksmak, seier Torstein Obrestad.

Svensk hjelp

Få på plakaten har vore lengre i bransjen enn han. Det første albumet Obrestad medverka på, kom for 29 år sidan. No er 56-åringen, som musikkinteresserte kjennar frå Vind i Gardhol, Jærrock og Lappeteppe-prosjektet med Tobias Skretting, klar for sin første eigne konsert på ranglescenen. Han har spelt på festivalen før, men då som hjelpande hand på keyboard for Svenssen.

– Det er spanande å vera først ut. Så tidleg på kvelden er folk enno grannhørde. Konserten vert ein presentasjon av mine eigne melodiar, med Tobias Skret-

ting sine tekstar, slik som «Hagjen sørføre huset». Og så kjem det ein smakebit frå den nye plata, ein song som heter «Rennedrev».

Månesølv og tonegull

Albumet han snakkar om, har fått namnet «Månesølv og tonegull», og skal vera klar til november. CDen vil innehalda tekster av Torvald Tu til eigenkomponerte melodiar. Sangaren Anita Bekkeheien og Gunnar Tønnesen er med på prosjektet.

Tønnesen driv lydstudio på Klepp, og speler fele og fløyte i irsk-inspirerte Sinclair & The Rovers. Både Tønnesen, Jærrock, Svenssen og heavyrockarane i Pawnshop har vore innoom studioet hans Laurdag står han på scenen saman med Obrestad. Dei to vert hjelpte av tre svenskar frå bandet The Amazing, som sjølv har konsert på fredag.

– Det einaste eg veit om dei, er at det er flinke folk. Eg har berre høyrte litt av det som ligg på nettet, seier Obrestad, som er godt nøgd med konseptet til Ranglerock-festivalen.

– Det er kjekt det skjer noko,

og det er interessant med Ranglerock. Dei set musikken i høgsetet, ikkje kommersen.

Etterspurt

Som vokalist og pianist i Vind i Gardhol, har Obrestad lenge stått på ønskelista til festivalsjef Omund Norheim.

– Me har hatt ein plan lenge med å få med dei, men det passar aldri fordi mange i den gjengen plar å reisa på ein bluesfestival som kolliderer med Ranglerock, seier Norheim.

Hans forhold til gruppa frå Obrestad går tilbake til russetida.

– Vind i Gardhol var russemusikken vår. Albumet sveiv i bomma me køyrde rundt i, så eg har hatt eit godt forhold til den musikken sidan då. Det er fleire frå den russebilen som er med og arrangerer dette, seier 30-åringen, som i starten blei litt forvirra av namnet på gruppa.

– Først trudde eg det var ein kar som heitte Vinnie Garhol, som i Vinnie Jones, men eg fant ut av det etter kvart, seier han.

Torstein Obrestad

DISKOGRAFI:

Vind i gardhol (1981)
Jærrock: Spor (1999)
m/Tobias Skretting: Lappeteppe (2002)
m/Tobias Skretting: Lappeteppe 2 (2008)

GREATEST HITS:

Tekst	Melodi
I hagjen sørføre huset (T. Skretting/T. Obrestad)	Lappeteppe
Sykkeltur (A. Steinnes/T. Obrestad)	Jærrock, Spor
Vår i hagjen (T. Skretting/T. Obrestad)	Lappeteppe 2
Over Angane av jord (H. Torvund/T. Obrestad)	Jærrock, Spor
Blom i is (T. Skretting/T. Obrestad)	Lappeteppe
(Kjelde: Torstein Obrestad)	

FAKTA

RANGLEROCK-PROGRAMMET

● Torsdag 15. juli:

Goatfish
Hy-Test
Johnny Hancocks
Mondo Generator
Årabrot

● Fredag 16. juli:

Hovering Orville
PelbO
The Amazing
Joddski
Gerilja
Svenssen

● Lørdag 17. juli:

Torstein Obrestad med gjester
Death by Unga Bunga
Dag för Dag
Jaako & Jay
Bloody Beach
Siesta